



Rosendal songlag framførte mellom anna Mary,did you know med soilistane Lina F. Storegjerde og Unni Vatne Nedrevåg.

Ei så godt som fullsett kyrkje fekk med seg ein konsert som hadde det meste: God stemning, eit over lag variert og fengande program og mange svært gode einskiltinnslag. Du får da 'kje be're i byd'n!



Kirill Zimin på saksofon var ein av fleire solistar.

Vår kjære kantor Eva Megyesi har arrangert ei tett rekkje av kyrkjekonsertar den siste tida, og fleire har me i vente. Eg har fått med meg dei fleste, og til no har det berre vore fulltreffarar. Denne vart ein innertiar som vert vanskeleg å overgå.

Eva sjølv ynskte velkomen og ga eit oversyn over kva me hadde i vente. Ho batt det heile saman på etter kvart vel kjent vis, ho leia baa kora, ho akkompagnerte alle solistane, ho delte ut roser til deltakarene etter kvart, ho hadde sjølv to soloinnslag på orgel, og førearbeidet med program og det å skaffa deltakarar, er det og ho som har stått for. Prøv å toppa den!

Fire solistprestar

Jan Ove Totland (sokneprest i Fjelberg og Eid), Reidar Ådnanes (Husnes), Kjetil Kringlebotten (Kvinnherad) og Lina Håland (Uskedal).

Jan Ove var fyrst ute av dei, med "Det er makt i de foldede hender". Han ga ei truverdig tolking, og det var gildt å få høyra den vakre barytontenoren hans.

Kjetil framførde "No stig vår song", ein salme skriven av Edvard Hoem til Kong Harald sin 70-årsdag. Ein vakker salme, og alt for lite brukt (i det minste har ikkje eg høyrte han før).

Lina song salmen "Du låg og skalv i angst på kne" av Bjørn Eidsvåg, til orgelakkompagnement. Her var det både følsam song, og ei avslutting med fynd og kraft.

Reidar framførde "Om eg var ein rik mann" frå "Spelemann på taket", og han var Tevje! Med god røyst og innleving ga han oss eit innsyn i kva det er å fantasera om eit betre tilvære.

Instrumentalistane

Kirill Zimin og Runa Isene har hatt internasjonale karrierar før dei kom til Kvinnherad, men fløytespelet til Kristine Hestad kunne bære bod om meir enn lokal karriere. Det same er å seia om solist Liv Signe Bleie Ulvestadbakken, som ga til beste sats 2 frå Haydn sin trompetkonsert. Suveren meistring av instrument, og følsam tolking, lokkar fram høneskinnet på rygg og armar.



Runa Isene på fiolin framførte m.a. Beethoven Roamanz i F - dur.



Ei fullsett kyrkje med fire prestar som sentrale aktørar, Jan Ove Totland, Reidar Ådnanes, Kjetil Kringlebotn. Lina Håland framførte sin song frå galleriet.

Kora

Rosendal Songlag og Nordsaang vil eg, grunna ugildskap, ikkje karakterisera. Eg vil berre seia at det var kjekt å høyra både ein songversjon (Rosendal songlag) og ein saxofon/pianoversjon (Kirill) av "Mary, did you know". Det gjorde opplevinga av stykket rikare.

Kristian Bringedal takka for frammøtet, og streka under at dette hadde vore eit heilakustisk arrangement, der av og til lunefull elektronikk ikkje hadde fått løyve til å få eit ord med i laget. Sidan dei frammøtte hadde fått koma gratis inn, var det gjeve høve til å "betala seg ut" ved å leggja ein skjerv i bøssa til kyrkjelydsarbeid i soknet. Deretter var det Eva sin tur att:

Organisten

Eva spela "Radetzky marsj" av Johann Strauss d.e. tidleg i programmet, og avslutta med den finurlege "Hornpipe humoresque" av N. Rawtshorne. Ho vart løna med ein vel fortent ståande applaus frå eit publikum som nok gjekk heim att i godt humør.

Tekst: Svein Rimestad

Foto: Kristian Bringedal
Nett: Hans Ordin Østebø



Eva Megyesi hadde full regi og kontroll på konserten, her med eit regipartitur på 1,5 meter i det ho kompar Kristine Hestad på fløyte.